



Alle verksemdar

Personalhåndbok

Versjon: 1

Utarbeida av: Bø kommune

Bruk av datasystem
Retningslinjer for bruk av
kommunalt IT-utstyr

Godkjent av:
AMU Bø 27.11.08
Side1.... av...3

Dok. ref.
08/1870-3/K1-480//HB

Dato:
18.11.2008

RETNINGSLINER FOR BRUK AV KOMMUNALT IT-UTSTYR

(Vedteke av AMU Bø 27.11.08 sak nr 27/08.)

1. Intensjonen

Retningslinjene skal oppmode om og gje kjørereglar for sikker og ansvarleg bruk av Midt Telemark sitt it-system og utstyr. Dette skal hindre misbruk som kan skade ytinga, skape ustabilitet i nettverket eller bruk som ikkje er i arbeidsgjevar si interesse.

2. MT-IKT sine tilganger – overvaking

MT-IKT må ha tilgang til å følgje med på MT sine datamaskiner og nettverk for å:

- oppdage eventuelle flaskehalsar som hemmar tilgjengelegheita, ”oppetida”.
- oppdage ned/opp lasting av uetisk innhald
- finne ulisensiert og skadeleg programvare
- forsikre oss at maskinene er oppdatert i forhold til viruskontroll
- oversikt over maskinparken

MT-IKT har ikkje tilgang til å overvake systemet av andre grunnar enn dei ovannemnde. Ting dei IKT-tilsette får kjennskap til gjennom kontrollpunktene er underlagt den generelle teieplikta, jf. Straffelova § 121. og Forvaltningsloven § 13

3. Privat bruk

MT-IKT drifrar e-post, maskinpark og brukarkontoar som er i bruk for kommunale tenester.

Privat bruk skal:

- Ikkje gå utover arbeidet med dei kommunale arbeidsoppgåvene
- Hemme yteevna til maskina/utstyret
- Ikkje være ein mulige sikkerheitsrisiko

Personleg e-post skal lagras i eiga mappe kalla Privat. Backup av denne mappa skal leggest lokalt. Private filer skal ikkje lagrast i nettverket. MT-IKT har ikkje ansvar for desse mappene og ved en eventuell reinstallerings går dei tapt.

4. Eigendomsrett

Pc, pda'er, mobiltelefonar og andre lagringsmedium som CD, DVD, minnepinnar m/relevant data for kommunen er kommunens eigedom.

E-post som er sendt eller lagra i kommunens e-postsystem er kommunal eigedom. Unntaket er personleg e-post (her avventar ein forskrift frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet). Denne avgrensar truleg arbeidsgjevar sin innsynsrett i slik e-post til ”legitimt innsyn”, dvs. der det er nødvendig som f. eks. ved mistanke om kriminelle handlingar)



Alle verksemder

Personalhåndbok

Versjon: 1

Utarbeida av: Bø kommune

Bruk av datasystem
Retningslinjer for bruk av
kommunalt IT-utstyr

Godkjent av:

AMU Bø 27.11.08

Side2.... av...3

5. Sikkerhet og ”risiko”

5.1 Brukarnamn og passord

- Brukarnamn og passord må ikkje formidlast til andre, sjølv ikkje til personar som seier dei er fra IT-avdelinga om du ikkje er sikker på dette.
- Passordet skal ikkje skrivast ned og lagrast på lapp
- Passordet skal ikkje være lett å gjette, unngå familienamn, bursdag og anna lett tenkjeleg ut frå din person
- Passordet som brukast i jobbsamanheng skal ikkje brukast i andre samanhengar
- Passordet skal skiftast når mulig

5.2 Installasjon av software

Det er forbode å installere programmer om dette ikkje er godkjent av MT-IKT

Brot på dette kan redusere tryggleiken og kapasiteten til nettverket. MT-IKT reserverer seg retten til å slette all ikkje-godkjent programvare. Dette gjerast etter å ha gjort brukaren merksam på at så har skjedd.

5.3 Installasjon av hardware

Det er bare MT-IKT som skal sette opp hardware – nettverk, printarar, servere m.m.

5.4 Internett

- Vær forsiktig med kva for sider du går inn på og kva for linkar du vel å følgje
- Det er forbode å logge seg på sider med pornografisk innhald. Slike sider er ofte infisert.

6. Copyright

Nedlasting, lagring og distribusjon av filer med copyright, for eksempel musikk/filmar er forbode om ikkje rettigheitar er skaffa. All slik nedlasting må være jobbrelatert.

7. Dokumenthandtering

E-postsystemet er ikkje ment å være et arkiv og skal heller ikkje brukast som dette.

Filserverane har avgrensa lagringskapasitet og det er derfor forbode å lagre musikk, bilde eller videofiler på heimeområde eller fellesområde.

8. Spam

- Svar aldri på en mistenkelig e-post, men slett den med en gong utan å opne han.
- Gjer ikkje innkjøp på internett på bakgrunn av masseutsendt e-post
- Vær forsiktig med å gje frå deg e-postadressa di til usikre partar slik som internettstader, nyhende grupper ol. Gje aldri frå deg e-postadressa din til partar du ikkje kjenner eller veit om er trygge.
- Vær varsam med å vise e-postadressa til kollager og venner til ukjente partar. Skjul e-postadressa når du skal sende e-post til fleire utanfor kommunane ved å bruke blindkopifunksjonen i Outlook.
- Svar aldri på kjedebrev
- Ikkje klikk på nettadresser- url'ar eller åpne vedlegg som er sendt frå ukjente



Alle verksemder

Personalhåndbok

Versjon: 1

Utarbeida av: Bø kommune

Bruk av datasystem
Retningslinjer for bruk av
kommunalt IT-utstyr

Godkjent av:

AMU Bø 27.11.08

Side3.... av...3

9. Sikkerhet i forhold til berbare PC'ar mv.

- Den berbare pc'en må jamnleg koplast opp mot Midt Telemark sitt nettverk slik at nødvendige oppdateringar blir gjort.
- Du er sjølv ansvarlig for backup av det som ligg på den berbare maskinen.
- Ta alltid nødvendig omsyn for å hindre tjuveri av den berbare enheten. La den aldri ligge synlig i bilen eller utan oppsyn på tog, buss eller liknande.

- Berbar pc skal ikkje nyttast til private føremål heime. Pc'en er arbeidsreiskap og arbeidsgjevar sin eigedom.

10. Misbruk av linjekapasitet

Det er forbode å bruke MT sitt nettverk på en måte som fører til svekking på kapasiteten på linjene. Dette inkluderer:

- bruk av applikasjonar som krev bruk av MT sine linjer slik som ip-telefoni og "peer to peer" fildeling.
- Nedlasting av videofiler, spill ol. eller sjå på TV online.
- Nedlasting av musikkfiler eller høre på radio online.

Utvis sunn fornuft før utsending av e-post med store vedlegg eller e-postar til store e-postgrupper.

11. Etikk

Det er forbode å skrive, abonnere på, lagre, laste opp eller ned til internett eller på andre måtar distribuere informasjon som inneheld ærekrenkjande, støyande, rasistiske eller obskøne kommentarar. Dette inkluderer innhald og materiale relatert til rase, kjønn, alder, seksuell legning, pornografi, religion eller politisk syn, fysiske kjennemerker eller psykiske lidingar.

12. Konsekvensar

Dersom MT-IKT oppdagar eller får mistane om vesentlege brot på retningslinene, skal dette meldast frå om til næraste leiar.

Det er leiar sitt ansvar å ta dette opp med sin(e) tilsette.

Dersom ein tilsett gjer seg skuld i brot på vesentlege punkt i desse retningslinene kan det få konsekvensar for arbeidsforholdet.

Vesentlege punkt kan t.d. være nedlasting av forbode materiale, for eksempel pornografiske sider, store mengde ikkje arbeidsrelaterte ting, eller andre ting som set nettverk eller maskinvare i fare for å bli øydelagt eller få store skader, eller set kommunen, tilsette eller innbyggjarar i fare f. eks. pga. brot på teieplikt eller er krenkande.

Vesentlege brot kan også være mindre alvorlege ting, men som har blitt påtala mange gonger. Det skal gjevast åtvaring ved slike vesentleg brot på retningslinene. Elles følgjer ein vanlege reglar for oppfølging og rettleiing av tilsette og ev. for oppseiing dersom den tilsette ikkje rettar seg etter pålegg og åtvaring.

Det må sansynleggjerast at den tilsette ikkje var i god tru, at det skjedde av vanvare eller pga. manglande kunnskap.

Ved lovbrot gjeld eigne reglar, som å melde til politi mv.